



Uskedal Idrettslag toppar lista for Grasrotandelen i Uskedalen.

Norsk Tipping med Grasrotandelen overfører i desse dagar midlane for første 4 månadene i 2019 til frivillige lag og organisasjonar registrert i Brønnøysundregisteret, tilsaman kr. 860.000 til laga i Kvinnherad. Ni lag i Uskedalen er godkjend for løyving. For perioden 1.januar til 30. april 2019 utgjer summen rundt kr. 60.000,-. Uskedal Idrettslag toppar lista med kr. 32.35,- før Uskedal Skulemusikk med kr. 13.241,-

Med Grasrotandelen går 7 % av det du tippar til det laget du har plukka ut. I Uskedalen ligg ni organisasjonar inne i systemet. Heile 328 tippingar/gjevarar i Uskedalen er registrert og let 7 % av innsatsen gå til eit lokalt lag.

Desse laga i prioritert rekkjefylgje mottek støtte frå Grasrotandelen:

- Uskedal Idrettslag
- Uskedal Skulemusikk
- Røystrett for Alle
- Uskedal Ungdomslag
- Uskedal Helselag
- Festidalen
- Uskedal Utvikling
- Uskedal Friluftslag
- Uskedal Musikklag

Kjelde: Grenda

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto frå Norway Cup/ Kristian Bringedal



Uskedal Musikklag er også på lista for Grasrotandelen.